



**Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Sandane Næringshage  
Sandane Senter, 3. etasje  
6823 Sandane

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 57 64 31 38  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
[www.fmsf.no](http://www.fmsf.no)  
[www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal](http://www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal)

**Søreide og Ryssdalen Beitelag**  
v/Svein Ryssdalsnes

6823 SANDANE

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2014/650-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 23.02.2017

## **Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Snøskuterløyve - Søreide og Ryssdalen Beitelag**

### *Delegert vedtak frå verneområdeforvaltar*

**Søreide og Ryssdal Beitelag får løyve til å transportere saltstein med snøskuter. Løyvet gjeld ein tur innover Jardalen og to turar til Vardevatnet. Løyvet gjeld i perioden frå 1.-31. mars 2017, og er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3 b).**

#### Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under køyring.
- Det skal fyllast ut køyrebok før køyring, denne skal vere med under køyringa.
- Skuter skal vere registrert og i forskriftmessig stand og køyring skal vere i tråd med reglane i motorferdsellova og anna lovverk.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar.
- Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Statens naturoppsyn (tlf: 975 95 102) skal varslast før køyring.
- Verneområdeforvaltaren skal ha ein kort rapport i etterkant av køyringa.

### **Klage**

Vedtaket kan klagast på av alle partar og andre med rettsleg klageadgang, jamfør forvaltningslova kap VI. Klagefristen er tre veker og ei eventuell klage skal stilast til styret. Det er Miljødirektoratet som er klageinstans.

Med helsing

Alf Erik Røyrvik  
verneområdeforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift



### Dokument i saka:

- Søknad om skutertransport av saltstein
- Verneforskrift
- Forvaltningsplan
- Løyve til snøskutertransport frå 6. jan 2016

### Søknaden

Søreide og Ryssdal Beitelag har dyr på beite i områda Jardalen og over mot Vardevatnet. Dei søker om å få bruke snøskuter til å transportere saltsteinar opp i fjellet før beitesesongen startar. Søknaden gjeld ein tur innover i Jardalen og to turar frå Jardalen (parkeringsplassen) til Vardevatnet. Beitelaget vil prøve å få til transporten i mars månad, men er usikre på om det går grunna vanskelege snøforhold i år.

### Verneforskrift og regelverk

I følgje verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er motorferdsel i verneområdet i utgangspunktet forbode, jamfør forskrifta § 3 pkt 5.1. Det er likevel opna for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til visse typar motorferdsel til visse føremål. Dette gjeld mellom anna transport av saltstein med snøskuter:

5.3. *Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

[...]

b) *transport av saltstein og liknande for husdyr på beite*

Det er altså heimel i verneforskrifta til å gje løyve til det som Søreide og Ryssdal Beitelag søker om.

Jamfør styrevedtak i sak 34/15 har verneområdestyret delegert mynde til verneområdeforvaltar i ein del saker av kurant karakter. Det løyvet som det her er søkt om er innanfor definisjonen i det vedtaket, og verneområdeforvaltaren har derfor mynde til å handsame saka på vegne av styret.

Søkjaren er sjølv ansvarleg for at naudsynte løyver frå kommune og grunneigar er på plass der det trengs.

### Vurdering

Det er slått fast at det er heimel til å gje løyve slik som det er søkt om.

Forvaltningsstyresmakta må likevel gjere ei skjønsmessig vurdering om det er fagleg tilrådeleg å gje løyve, og eventuelt på kva vilkår. I tillegg står det i naturmangfaldlova (nml) § 7 at all bruk av offentleg mynde som kan påverke natur og miljø, skal vurderast opp mot miljørettsprinsippa i §§ 8-12.

Utkøyring av saltstein før beitesesongen er eit anerkjent og naturleg behov for transport. Det er omtala i verneforskrift og forvaltningsplan, og styret har som forvaltningspraksis å kome slike behov i møte innanfor verneforskrifta sine rammer. Til transport i utmark kor det ikkje er vegar eller vatn i nærleiken, er bruk av snøskuter på snøføre den enklaste og mest skånsame metoden (jamfør nml § 12) å transportere saltstein og anna utstyr på.



Beitelaget har søkt om å køyre ein tur innover i Jardalen og to turar til Vardevatnet. Både omfang og ruter verkar fornuftige ut i frå føremålet. Transportane planlegg dei å gjennomføre i mars månad. Det er normalt sett ei vanleg og fornuftig tid å køyre slike transportar, men det er sjølvsagt avhengig av korleis snøtilhøva vert utover vinteren. Søreide og Ryssdal Beitelag har og tidlegare hatt liknande løyve i same området, utan at forvaltninga har registrert negative verknader eller reaksjonar på desse løyva. Som sagt er dette ein relativt normal aktivitet, men omfanget av motorferdsel i dette området er likevel ikkje so stor at den samla belastninga (jamfør nml § 10) vert for stor.

Villreinen i Førdefjella har dei siste åra nytta dette området til vinterbeite. Reinen er ikkje ein del av verneføremålet, men det er likevel ein naturverdi som ein skal ta omsyn til i forvaltninga. Som art er villrein sårbar for å verte uroa. Særleg gjeld dette i kalvingsområda og i tida fram mot kalving. Kalvingstida er noko seinare enn det er snakk om å køyre her, og kalvingsområdet som reinen har brukt siste åra ligg nokre kilometer lenger mot sørvest. Men sjølv utanfor kalvingstid og kalvingsområde bør man likevel ta omsyn til villreinen og unngå å uroe dei.

Villreinen vart observert mellom Vardevatnet og Dauremålsnibba i januar. Det er sannsynleg at reinen vil opphalde seg i fjellområdet framover mot vårtrekket. Ein må derfor ta høgde for at villreinen kan vere langs dei rutene som er søkt om å køyre, og legge vilkår som tek omsyn til reinen i eit eventuelt løyve (jamfør «føre-var-prinsippet» i nml § 9).

Utsjekk av området i datasetta som vert presentert på Fylkesatlas syner ikkje andre naturverdiar som kan verte negativt påverka av køyringa. Forvaltninga kjenner dette området godt gjennom fleire saker og mange synfaringar, og kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml § 8) er derfor særst godt.

Ein negativ verknad av tiltaket kan vere om andre brukarar i fjellet vert utsette for sjenerande motorstøy. Ein bør derfor unngå å køyre når det er størst sjans for å treffe på friluftsbukarar i området. Denne sjansen er størst i helgane og særleg sundagar.

Nml § 11 er ikkje aktuell i saka.

Kopi til:

Villreinnemnda i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Gloppen kommune

SNO Sandane

Njøsavegen 2

6863

Leikanger

Grandavegen 9

6823

Sandane